



Norconsult AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/850 - 17/7434

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
18.04.2017

Evaluering og tildeling av kontrakt om rammeavtale

Tildelingskriterier

Meland kommune lyste 13.03.2017 ut ei begrensa anbodskonkurranse etter forsyningsforskrifta om rammeavtale om prosjektering, rådgjeving og byggeleing av nytt vassbehandlingsanlegg. Tre firma vart invitert til å delta i konkurransen.

Ved tilbudsfristen var det mottatt to tilbud. Begge tilbydarane er kvalifisert for oppdraget og evaluert. Oppdragsgjevar har vurdert at det det ikkje har vore behov for dialog.

Tilbydarane er vurdert etter dei oppgitte tildelingskriteriene i konkurransegrunnlaget:

Kriterium og vekting	Krav til dokumentasjon
<ul style="list-style-type: none">Pris 30 %	<ul style="list-style-type: none">Ferdig utfylt prisskjemaTimesatser på tilbydde konsulenter (mest vektlagt)Reisekostnader t/r Meland (vektlagt i mindre grad)
<ul style="list-style-type: none">Relevant erfaring, kompetanse og referanser på tilbydde konsulenter	CV for tilbydde konsulenter. Dette skal være de samme konsulentene som er tilbydd i prisskjemaet. I prisskjemaet skal det oppføres hvilken funksjon og

Kriterium og vekting	Krav til dokumentasjon
<ul style="list-style-type: none"> Kapasitet <p>50 %</p>	<p>fagområde den enkelte vil ha i rammeavtalen.</p> <p>Kapasitet hos konsulentfirmaet blir også vurdert under dette kriteriet. Vi ber derfor om at leverandøren fyller inn i prisskjemaet hvem som er reserve for nøkkelpersoner ved sykdom el. I tillegg ber vi om at det blir levert CV på alle reserver som er nevnt i prisskjemaet.</p> <p>CV skal minimum inneholde oversikt over:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utdanning - År relevant erfaring - Relevante tidligere oppdrag/prosjekt inkl. oppdragsgiver, størrelse, type prosjekt og konsulentens sin rolle i prosjektet
<ul style="list-style-type: none"> Arbeidsopplegg og forståelse av oppdraget <p>20 %</p>	<p>Det skal leveres en prosessbeskrivelse som i grove trekk beskriver hvordan oppdraget innenfor rammeavtalen tenkes gjennomført med særlig fokus på framdrift, samarbeid og kvalitetssikring.</p>

Pris

Pris er evaluert etter følgende metode: Forholdsmessige metode der: Poengscore = $10 \times \text{Pb}/\text{Pe}$ der Pe er den prisen som evaluerast og Pb er beste (lågaste) pris. Ettersom det er tilbydd mange konsulenter med ulike timepriser har kommunen valt å rekne ut snitt timepris på alle tilbydde konsulenter utanom reserver.

I prisskjema er det også sagt at timesatsar vil bli mest vektlagt og reisekostnader minst vektlagt. Oppdragsgjevar har valt å vekte snitt timeprisar med 90 % og reisekostnader med 10 % i evaluering av tilbode pris. Eksempelvis inneberer dette at dersom ein tilbydar har ein snitt timepris på 1000 kr og ein reisepris på 500 kr vert utrekninga slik: $(1000\text{kr} \times 90\%) + (500\text{kr} \times 10\%) = 950\text{kr}$. Timeprisen vert så poengsatt basert på den forholdsmessige metoden skildra tidlegare i avsnittet. Deretter vert poengsummen korrigert for vektinga i tildelingskriteria (30 %).

Firma	Pris	Poeng	Poeng vekta (30 %)
Sweco	kr 1 006,67	10	3
Norconsult	kr 1 009,33	9,97	2,99

Relevant erfaring, kompetanse og referanser på tilbydde konsulenter og kapasitet

Firma	Vurdering	Poeng	Poeng vekta 50 %
Sweco	Tilbydd personell har generelt relevant utdanning og lang erfaring innanfor fagområde. Det er god kapasitet hos firmaet ved evt. sjukdom ol. Nøkkelpersonell manglar noko spisskompetanse på denne type vassbehandlingsanlegg som rammeavtala omfattar.	8	4
Norconsult	Tilbydd personell har generelt relevant utdanning og lang erfaring innanfor fagområde. Det er god kapasitet hos firmaet ved evt. sjukdom ol. Nøkkelpersonell har spisskompetanse på denne type vassbehandlingsanlegg gjennom arbeid med tilsvarande anlegg. Dette er særst relevant kompetanse for rammeavtala.	10	5

Arbeidsopplegg og forståing av oppdraget

Firma	Arbeidsopplegg og forståing av oppdraget	Poeng	Poeng vekta (20 %)
Sweco	Skildringa er veldig generell, og synes i mindre grad å vere særskilt tilpassa oppdraget. Relevante moment er teke med, men ettersom dei er skildra i overkant generelt vert arbeidsopplegg og forståing av oppdraget vurdert som middels.	6	1,2
Norconsult	Det er laga ein svært god og oversikteleg skildring av korleis oppdraget vert forstått og er tenkt gjennomført. Relevante moment er skildra på ein lettfatteleg og konkret måte. Forståing av oppdraget vart vurdert som svært god.	10	2

Evalueringsmatrise

	Pris (30 %)	Kompetanse og kapasitet (50 %)	Arbeidsopplegg og forståing av oppdraget (20 %)	SUM
Sweco	3,00	4,00	1,20	8,20
Norconsult	2,99	5,00	2,00	9,99

Evalueringa viser at det er Norconsult som kjem samla best ut på tildelingskriteria.

Konklusjon

Meland kommune meddeler herved at det er beslutta å tildele kontrakt om rammeavtale til Norconsult AS. Signering av kontrakt vil finne stad etter karènsperiodens utløp. Karènsperioden utløper 28.04.2017 kl. 14:00. Ei eventuell klage må sendast skriftleg til Berit M Eskeland på e-postadresse berit.eskeland@meland.kommune.no innan utløp av karènstida.

Vi takkar for deltakinga.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Norconsult AS
Sweco Norge AS

Postboks 626
Postboks 80
Skøyen

1303
0212

SANDVIKA
OSLO